



Alle på vedlagte adresseliste

Vår dato: **11 APR 2011**

Vår ref.: NVE 201005060-8 kv/jaso

Arkiv: 312/016.BED20

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Jan Sørensen

22 95 92 11

## **Statkraft Energi AS – Søknad om løyve til bygging av nytt Haukeli kraftverk i Vinje kommune, Telemark – høyring**

NVE har motteke søknad frå Statkraft Energi AS datert 28.3.2011, om løyve til bygging av nytt Haukeli kraftverk i elva Vae (Vafoss) i Vinje kommune, Telemark. Det vert samstundes søkt om å leggje ned det gamle kraftverket.

Det nye omsøkte kraftverket vert liggjande om lag 50 meter vest for det eksisterande kraftverket og vil utnytte det same fallet frå Vatjern på kote 838 og ned til Kjelaåi på kote 570. Det skal byggjast nytt inntaksarrangement og kanal ut i Vatjern og nytt avlaup til Kjelaåi. Kraftstasjonen er planlagt bygd i dagen, medan vassvegen skal gå i fjell. Det nye kraftverket vil få ein generator på 5,4 MVA, og årleg produksjon er berekna til 38,2 GWh.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Haukeli kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og tilknytning til straumnettet.

Søknaden om bygging av nytt Haukeli kraftverk og nedlegging av det gamle skal handsamast etter reglane i kap. 3 og kap. 7 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8.

Søknaden med vedlegg vert lagt ut på NVE si heimeside [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Dersom det er ønskjeleg med papirutgåve av søknaden, kan ein kontakte Statkraft Energi AS v/Tor Helge Midtbø på tlf. 350 79 516 eller e-post: [torhelge.midtbo@statkraft.com](mailto:torhelge.midtbo@statkraft.com).

NVE ber Vinje kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg gjennomsyn på Tenestetorget i Kommunehuset i Vinje. fram til **30. mai 2011**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagt informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner vert sendt elektronisk til NVE via vår heimeside [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogeleg og seinast innan **30. mai 2011**. I tillegg kan ein

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Telefaks: 22 95 90 00

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Drammensveien 211  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER  
Telefon: 72 89 65 50

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK  
Telefon: 76 92 33 50

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG  
Telefon: 33 37 23 00

**Region Vest**  
Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE  
Telefon: 57 83 36 50


**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR  
Telefon: 62 53 63 50



sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegner vil bli referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

  
Carsten Stig Jensen  
seksjonssjef

  
Jan Sørensen  
senioringeniør

Vedlegg: 4      Søknad til kommunen  
Kunngjeringstekst  
Informasjonsark om sakshandsaming  
Adresseliste

**Adresseliste for:** Bygging av Haukeli kraftverk

**Handsamast etter:** Vassressurslova

**Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i:** Varden, Telemarksavisa og Vest-Telemark Blad.

Tal på søknadar	Namn/adresse
4	Vinje kommune, 3890 VINJE
-	Fylkesmannen i Telemark, 2603, 3702 SKIEN
-	Telemark fylkeskommune, Postboks 2844, 3702 SKIEN
-	Statens Vegvesen Region Sør, Serviceboks 723, 4808 ARENDAL
-	Norges Naturvernforbund, Grensen 9 B, 0159 OSLO
-	Norges Jeger- og Fiskerforbund-Telemark, Bøgata 8, 3800 BØ i TELEMARK
-	Forum for Natur og Friluftsliv Telemark, Bøgata 8, 3800 BØ i TELEMARK
-	Norsk Ornitologisk Forening, Avd. Telemark, Boks 1076, 3704 SKIEN
-	Telemark Turistforening, Postboks 3089, 3707 SKIEN
-	Vest-Telemark Kraftlag AS, 3891 HØYDALSMO
-	Skagerak Nett AS, Postboks 80, 3901 PORSGRUNN
1	KM (KCA)
1	KD
1	ER (KEST)

## - KUNNGJERING -

### **Statkraft Energi AS – Søknad om løyve til bygging av nytt Haukeli kraftverk i Vinje kommune.**

NVE har motteke ein søknad frå Statkraft Energi AS om løyve til bygging av nytt Haukeli kraftverk i elva Vae i Vinje kommune, Telemark. Det vert samstundes søkt om å leggje ned det gamle kraftverket.

Det nye omsøkte kraftverket vert liggjande om lag 50 meter vest for det eksisterande kraftverket og vil utnytte det same fallet frå Vatjern på kote 838 og ned til Kjelaåi på kote 570. Det skal byggjast nytt inntaksarrangement og kanal ut i Vatjern og nytt avlaup til Kjelaåi. Kraftstasjonen er planlagt bygd i dagen, medan vassvegen vil gå fjell. Det nye kraftverket vil få ein generator på 5,4 MVA og årleg produksjon er berekna til 38,2 GWh.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg gjennomsyn på Tenestetorget i Kommunehuset i Vinje og på NVE sine nettsider [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Tor Helge Midtbø i Statkraft Energi AS på tlf. 350 79 516 eller e-post: [torhelge.midtbo@statkraft.com](mailto:torhelge.midtbo@statkraft.com).

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogeleg og seinast innan **30. mai 2011**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegner vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan brukast til dette.



## Orientering til høyringspartane

### Generelt

NVE har heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av småkraftverk (inntil 10 MW), og andre vassdragstiltak. Løyve til større kraftutbyggingar blir gjevne av Kongen i statsråd.

Frå 1. januar 2010 har fylkeskommunen heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av kraftverk med installert effekt inntil 1 MW. Dette gjeld m.a. ikkje saker i verna vassdrag.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gje løyve etter § 8 i vassressurslova.

### Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE sender informasjon om høyringa til kommunar, fylkesmenn (FM), fylkeskommunar (FK), statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er minst 6 veker. Saka vert kunngjort i minst ei avis i distriktet og kommunen legg søknaden ut til offentleg gjennomsyn, ev. utlån. Søknaden vert òg lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) med tilgang til å sende inn fråsegn elektronisk.

Søkjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring i området.

I heilskapsvurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve bør gjevast og i kva omfang, jf. vassressurslova § 25. Søknaden og innkomne høyringsfråsegner er viktige grunnlag for NVE si vurdering.

Dersom NVE gjev løyve, kan det bli knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkåra kan omfatte byggjefristar, vasslepping, naturforvaltning, fornminne og sanksjonar ved ev. brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten.

Om det er søkt løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk/ høgspenn overføringsanlegg, vil NVE gje naudsynt energikonsesjon samstundes med løyve til bygging av kraftverket. Dei fleste høgspennanlegg med linjer kan byggast innanfor lokal netteigar sin områdekonsesjon.

### Kva vert forventa av høyringsinstansane?

Kommunen bør gje grunnleggjande synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ. Vi ber kommunen informere om kjende allmenne interesser (t.d. landskap, friluftsliv, fisk og vilt) som tiltaket kan få følgjer for, og ev. andre tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa. NVE ønskjer forslag til vilkår eller avbøtande tiltak som kan redusere ev. skader ved gjennomføring av planane. NVE ventar at kommunen omtalar tilhøve til kommuneplanen og andre kommunale planar.

FM bør leggje vekt på tilhøva omkring miljø, medrekna fisk og biologisk mangfald, og vurdere tiltaket i høve til sektorlovgivinga.

FK bør leggje vekt på kulturminne og friluftsliv som er særlege ansvarsområde. Det skal gjerast greie for tiltaket sin status og moglege konfliktnivå i fylkesdelplan for småkraftverk, om det er utarbeidd ein slik plan.

### Motsegn og klagerett

I ny plan- og bygningslov er tilhøvet mellom konsesjonshandsaming og handsaming av planar for energianlegg endra for å sikre ei meir effektiv sakshandsaming. Det er ikkje krav om reguleringsplan. For å ta hand om retten til å fremja motsegn som kommunar og statlege fagetatar har hatt til reguleringsplanar, er det teke inn reglar i energi- og vassdragslovgivinga om motsegn og klagerett. NVE understrekar at ei ev. motsegn må fremjast i høyringsperioden. NVE syner til våre nettsider for meir informasjon:

[www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker).